



## Kontaktmøte med tillitsvalde 8. mai 2018

### 1. oppfølging av vedtak knytt til adm. Organisering – kva no?

#### Prosjektleder orienterer:

Fellesnemnda og retningslinjer for omstilling vert behandla i fellesnemnda 9. mai.

Arbeid med å rekruttere inn leiarar startar umiddelbart med bakgrunn i bemanningsplan.

( Kommunalsjefar og stabsleiarar)

Det vert utarbeida kompetansekrav til stillingane og dette vil bli drøfta med tillitsvalde. Utval av personar som er akutte for stillingane skal også drøftast. Kartleggingssamtalar med gruppa startar etter dette.

I omstillingsdokumentet står det at nærmaste leiar skal gjennomføre kartleggingssamtalane.

Prosjektleder er berre nærmaste leiar til dei som er tilsett i prosjektorganisasjonen. Det vert vanskeleg å skaffe oversikt og kompetanse til å rekruttere inn rett personar dersom prosjektleder ikkje gjennomfører kartleggingssamtalane sjølv. Rådmennene er einig i dette.

Alle har høve til å ha med tillitsperson i kartleggingssamtalen.

#### Tillitsvalde sine kommentarar:

Ålesund: Det er fornuftig at prosjektleder er med for å skaffe oversikt.

Skodje: Støtter Ålesund

Ørskog: Ingen tilleggskommentarar

Haram: Støtter Ålesund

Sandøy: Konstanterer at det avviker frå avtalen, og forutsetter at alle samtalane vert gjennomført av prosjektleder

**Spørsmål:** Har nokon rettskrav? Slik prosjektleder ser det er det lite sansynleg at nokon har rettskrav. Dersom nokon skulle hevde rettskrav vil dette sjølvstgt bli vurdert.

Prosjektleder løftar fram spørsmålet om utvalet. Det vart ein diskusjon kring titlar, ansvar og kompetansekrav. Prosjektleder vil arbeide vidare med dette, og kjem tilbake med sak der dette vert drøfta formelt.

## **2. arbeid med oppdatering av styringsdokumentet – tillitsvalde si rolle i dei ulike delprosjekta/arbeidgruppene framover**

### **Prosjektleiari orienteret:**

Styringsdokumentet skal rullerast og vedtakast i fellesnemnda i juni. Prosjektorganiseringa vil bli justert meir i samsvar med ny organisasjonsmodell. Her må det diskuterast korleis ein best mogeleg nyttar tillitsvaldressursen.

Haram: Dette er eit viktig arbeid som vi må setje av eit eige møte til. Tillitsvalde bør delta i nokre arbeidsgrupper.

Ålesund: Viser til hovudavtalen- sikre ekstra frikjøp i heile omstillingsprosessen også etter 01.01.2020 Det bør vurderast å utvide frikjøpsordninga.

Ørskog: Er ordninga først og fremst for delprosjekta? Det må sjåast på harmoni mellom tidsbruk og frikjøp. Det kan vere greitt å skissere ei generell ordning som er fleksibel og føreseibar.

Sandøy: Frikjøp må gjelde fram til neste vedtak (Juni)

Prosjektleiari poengterer at det ikkje er noko mål å redusere frikjøpsordninga, men å disponere samla ressurs på best mogeleg måte.

## **3. nye arbeidsgrupper som er sett igong/blir sett igong i næraste framtid**

Kulturskule, bygg- og eigedom , samfunnstryggleik- og beredskap. Desse har ikkje hatt tillitsvalde med til no.

Kontaktmøtet vert utfordra til å oppnemne ein person til desse arbeidsgruppene.

Frist 20. mai

### **Eventuelt saker:**

#### **1. Involvering i personalpolitisk retningslinjer framover. Korleis kan dette gjerast betre framover?**

Prossessen kring utarbeiding av omstillingsdokumentet vert opplevd som lukka. Det må verein klar saksgang i dei ulike sakene. Tillitsvalde må vite kvar og når dei vert involvert

Prosjektleiari sitt utgangspunkt er eit ønske om brei involvering. Dette vil bli tatt opp i delprosjekta framover.

#### **2. Retningslinjer for kontaktutvalg**

Ålesund: Retningslinjene seier 4 frå kvar kommune frå hovudsamanslutningane. Slik er det ikkje i dag. I fleire kommunar er det to frå same hovudsamanslutning. Ålesund har og stilt med 5 for å få representasjon frå alle hovudsamanslutningane.

Haram: Vektlegger prinsippet om likeverdig deltaking. Dette betyr like mange representantar inn.

Ålesund. Er det slik at dersom ein ikkje har 5 hovudsamanslutningar kan ein setje inn fleire tillitsvalde for å få 5?

**Prosjektleiari:** Prosjektleiari må stole på at tillitsvalde organiserer seg etter gjeldande retningslinjer, og ber tillitsvalde diskutere seg fram til semje

